



Skjema M-0160N stadfesta av Landbruks- og matdepartementet den 4.2.2013,
oppdatert den 16.07.2015

[Tøm skjema](#)

Søknad om godkjenning av plan for nydyrkning i

Kommune Austrheim	Fylke Hordaland
----------------------	--------------------

Dette skjemaet skal brukast ved søknad om godkjenning av plan for nydyrkning, jf. forskrift [om nydyrkning § 7](#). Skjemaet skal før anleggsstart sendast den kommunen der arealet som ønsket nydyrka ligg. Kommunen si avgjersle kan påklagast til Fylkesmannen. Les rettleiinga på side 2 og 3 før søknaden vert fylt ut. Fyll øg ut vedleggslista på side 2 i skjemaet, og legg ved påkravd og relevant dokumentasjon.

Nydyrkningstiltaket kan ikke settast i gang før planen er godkjend. Dersom nydyrkingsarealet er over 50 dekar (eit vedlegg II-tiltak) skal kommunen behandle tiltaket etter [forskrift om konsekvensutredninger for tiltak etter sektorlover § 3](#). Øg mindre tiltak (under 50 dekar) skal behandlast etter § 3 dersom ein ikke kan sjå bort frå at tiltaket kan få vesentlege verknadar for naturmangfold eller andre viktige miljøomsyn. Kommunen skal øg vurdere tiltaket etter føresagnene i kapittel II i naturmangfaldlova.

Grunnopplysningar

Søkjarens namn (etternamn, føre og mellomnamn) Arnø, Jan-Ove		Fødselsnr. (11 siffer)	
Organisasjonsnr. (9 siffer) <i>37436 5572</i>	Adresse <i>Sølvegen 188, 5943 ASTRHEIM</i>		
E-postadresse		Telefonnr. <i>917 50245</i>	
Eigedomensøknaden om plan for nydyrkning gjeld			
Gnr. <i>149</i>	Bnr. <i>1</i>	Fn.	

Angi arealinformasjon i dekar (sjå eventuelt gårdskart)

	Eigedomensitt totalareal	Fulldyrka jord	Overflatedyrka jord	Innmarksbeite	Produktiv skog	Uproduktiv skog	Myr	Anna areal
1	<i>660,3</i>	<i>169,2</i>		<i>27,4</i>	<i>241,9</i>	<i>21,2</i>	<i>140,8</i>	<i>59,8</i>
2	Beskriv driftsbygninga på eigedomen (tal på husdyrplassar, lagringskapasitet grovfôr, kornlager, korntørke, kjøleager etc.) <i>Søkjær, div middeleffodværsjon med den fôrsengeten på grunn.</i>							
3	Driftsform på eigedomen (husdyrhald, planteproduksjon mv.) <i>Middelprodusjon</i>							
4	Ved husdyrhald angi talet på dyr <i>26 middeldyr, 18 ungdyr, 15 sauar</i>		Ved planteproduksjon, angi eiggd areal i drift Talet på dekar: <i>180</i>					
5	Har eigedomen tilstrekkeleg spreieareal for husdyrgjødsel i forhold til husdyrhaldet? <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		Dersom nei, angi behov for ytterlegare spreieareal (dekar)					
6	Er det registrerte natur- og kulturlandskapsverdiar på eigedomen? Sjå rettleiinga punkt E og F				<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei	<input type="checkbox"/> Veit ikkje	Dersom ja, angi namn/nummer på lokaliteten(ane)
7	Angi totalarealet som skal nydyrkast (dekar) <i>24</i>		Til fulldyrka jord (dekar) <i>24</i>		Til overflatedyrka jord (dekar)			
8	Kva slags mark skal nydyrkast? Sjå eventuelt Gårdskart <i>MYRFORD</i>				Angi forventa avling <i>600 FEM/daa</i>			

9	Ved nydyrkning av skogareal, angi hogstklasse og bonitet
10	Beskriv planlagd drift av nydyrkingsarealet (utdjup eventuelt i eige vedlegg)
11	Gastroduksjon for meir vandrør til mijøleprodusjonen. Vandrør utviding.
12	Kva for økonomiske og driftsmessige fordelar vil ein oppnå ved nydyrkninga (legg ved kostnadsoverslag for nydyrkninga)
	Ersatte framtidig les av leigejord.

Vedleggsliste

Søknaden <u>skal</u> innehalde:	Vedlagt	
Kart i farge (målestokk 1:5000) som visar det planlagde nydyrkingsarealet, tilkomsten til nydyrkingsarealet, eideomen og området omkring	<input checked="" type="checkbox"/>	
Plan for grøfting av nydyrkingsarealet (med ei beskrivning av kvar ein skal deponere/dumpe stein/stubbar)	<input type="checkbox"/>	
Søknaden <u>kan</u> også innehalde:		Ikkje relevant
Konsekvensutgreiing	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Beskriving av planlagd drift av nydyrkingsarealet (jf. punkt 10)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Kostnadsoverslag for nydyrkninga (jf. punkt 11)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Kart over registrerte natur- og kulturlandskapsverdiar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Rettleiing

A. Nydyrkning kan berre skje etter godkjenning

Nydyrkningstiltaket kan ikkje settast i gang før planen for nydyrkning er godkjend av kommunen. Grunneigar, jordskifteretten på vegne av den som har gjort krav på jordskifte, eller leigetakar m.fl. kan søkje om godkjenning av plan for nydyrkning. Godkjenninga fell bort dersom nydyrkning ikkje er sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt. Kommunen kan sette vilkår ved godkjenning av plan for nydyrkning, jf. [forskrift om nydyrkning § 4.](#)

B. Sakshandsaming

Kommunen skal innhente nødvendige fråsegner før dei treff eit vedtak, jf. [forskrift om nydyrkning § 9](#), og elles sørge for at saka er så godt opplyst som mogleg. Regional kulturminnemyndighet skal få anledning til å uttale seg. Sametinget skal få anledning til å uttale seg der nydyrkninga kan ha verknad for deira fagområde. Fylkesmannen skal få anledning til å uttale seg der nydyrkninga kan få verknad for vesentlege miljøverdiar. Det skal settast ein uttalefrist på minst ein månad. Kommunen si avgjersle kan pålagast til Fylkesmannen.

C. Kva ein reknar som nydyrkning

Som nydyrkning reknar ein fulldyrking og overflatedyrking av udyrka mark eller gjenoppdyrkning av jordbruksareal som har lege unytta i over 30 år. Med fulldyrking meiner ein rydding og bryting til vanleg pløyedjup slik at arealet kan nyttast til åkervekstar eller til eng og beite som kan fornyast ved pløyning. Med overfatedyrking meiner ein rydding og sletting av overflata slik at maskinell hausting er mogleg. Opparbeidning av overfatedyrka mark til fulldyrka mark reknast ikkje som nydyrkning.

D. Vilkår/føresetnader for godkjenning

Planen for nydyrkning kan ikkje godkjennast dersom nydyrkingsarealet ligg i kantsona mot vassdrag. I slike tilfelle må ein sette igjen ei vegetasjonssone mot vassdraget. Langs vassdrag med årssikker vassføring skal sona vere minst 6 meter målt ved normal vassføring. Langs vassdrag utan årssikker vassføring skal sona vere minst 2 meter. Som vassdrag reknar ein stilleståande eller rennande overflatevatn med årssikker vassføring og vasslaup utan årssikker vassføring dersom det skil seg tydeleg frå om omgivnadane. Dersom nydyrkingsarealet er over 50 dekar (eit vedlegg II-tiltak) skal kommunen behandle tiltaket etter [forskrift om konsekvensutredninger for tiltak etter sektorlover § 3](#). Òg mindre tiltak (under 50 dekar) skal behandlast etter § 3 dersom ein ikkje kan sjå bort frå at tiltaket kan få vesentlege verknadar for naturmangfold eller andre viktige miljøomsyn. Godkjenning av plan for nydyrkning etter nydyrkingsforskrifta fritek ikkje grunneigar for plikta til å innhente nødvendig løyve etter anna lovverk.

E. Andre forhold som har noko å seie for avgjersla

Formålet med forskrift om nydyrkning er å sikre at nydyrkning skjer på ein måte som tek omsyn til natur- og kulturlandskapsverdiane. Det skal leggast særleg vekt på verknaden nydyrkingsa kan få for natur- og kulturlandskapsverdiane, og det skal gå fram av kommunen si avgjersle kva verdiar tiltaket kan få følgjer for, og kva konsekvensar nydyrkingsa får for desse. Omsynet til natur- og kulturlandskapsverdiane skal vurderast for større område uavhengig av eigedomsgrenser. Som natur- og kulturlandskapsverdiane reknar ein miljøkvalitetar som landskapsbildet, mangfaldet i naturen og kulturminne. Til landskapsbildet høyrer eksisterande tilkomst til areal som ligg bak arealet ein ønsker nydryka. I vektlegginga skal det takast omsyn til om det er sjeldne miljøverdiar på arealet, og kor sjeldne desse miljøverdiane eventuelt er. Det skal takast slike omsyn [naturmangfaldlova](#) føreskriv ved kommunen si behandling av søknaden. Kommunen sine vurderinger etter naturmangfaldlova §§ 8-12 skal gå fram av vedtaket, jf. naturmangfaldlova § 7.

I tillegg til natur- og kulturlandskapsverdiane skal kommunen legge vekt på om det er ønskeleg å styrke driftsgrunnlaget for driftseininga og om nydyrkningstiltaket legg til rette for gode løysingar for drifta. Utfallet av søknaden vil avhenge av korleis ein veg dei relevante momenta i forhold til kvarandre.

F. Nærare om utfylling av søknadsskjemaet

Før opp namn, fødselsnummer (ev. organisasjonsnummer), adresse, gards og bruksnummer (ev. festenummer) på eigedomen som søknaden om plan for nydyrkning gjeld, og telefonnummer. I punkta 1-6 gir ein opplysningar om eigedomen, og i punkta 7-11 gir ein opplysningar om arealet som ønskast nydryka. Det er viktig at ein fyll ut punkta om omsyn til vurderinga av nydyrkningstiltaket. Under punkt 1 skal ein berre føre opp areal som høyrer til eigedomen, ikkje leigd areal. Arealinformasjon i punkt 1 kan hentast frå Skog og landskap sitt [Gårdskart](#) på internett. I "Produktiv skog" reknar ein med skog av særstak høg, middels og låg bonitet. I "Anna areal" reknar ein med kategoriane jorddekt og skrinn fastmark, bebygd, samferdsel, vatn, bre og ikkje klassifisert areal. I punkt 5 skal ein angi behov for areal i forhold til produksjonsomfangen. Før opp areal som eigedomen manglar, og som er nødvendig for å oppfylle krava til spreieareal i [forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 24](#). Når ein skal rekne ut behovet for areal, tek ein ikkje med leigd areal, berre eigd areal. Informasjon om registrerte natur- og kulturlandskapsverdiane under punkt 6 kan kommunen hjelpe til med å finne. Dei finst òg i karttenester på internett, blant anna:

- o Natur- og landskapsverdier:
 - Miljødirektoratets kartjeneste [Naturbase](#)
 - Artsdatabankens kartjeneste [Artskart](#)
 - Skog og landskaps kartløsning [Kilden](#)
- o Kulturverdier:
 - Riksantikvarens [Kulturminnesøk](#)

Registrerte naturverdiar kan eksempelvis vere prioriterte artar og utvalde naturtyper etter naturmangfaldlova, eller artar og naturtyper oppført i Norsk Rødliste (for arter 2010, for naturtyper 2011). Andre natur- og kulturlandskapsverdiane kan vere områdevern etter naturmangfaldlova, kulturminne etter kulturminnelova, verdfulle kulturlandskap, utvalde kulturlandskap i jordbruksområdet, Miljøregistreringar i skog, verneskog, og område vurdert som svært viktige (A-lokalitet) og viktige (B-lokalitet) i Naturbase.

Rettleiing

G. Tilsyn og brot på nydyrkingsforskrifta

Kommunen skal føre tilsyn med at føresegnerne i nydyrkingsforskrifta og vedtak fatta med heimel i den vert følgde, jf. [forskrift om nydyrkning § 12](#). Kommunen kan i samband med dette utføre ei synfaring på eigedomen. Kommunen skal gi Fylkesmannen melding om brot. Fylkesmannen skal varsle departementet dersom brotet bør følgast opp ved tvangsgebyr etter andre ledd. Ved brot på forskrifta eller vedtak fatta med heimel i den, kan kommunen pålegge tiltakshavar á reparere skaden, godkjenninga kan trekkast heilt eller delvis tilbake, eller Fylkesmannen kan pålegge den ansvarlege tvangsgebyr, jf. [forskrift om nydyrkning § 12](#).


H. Kulturminne

Dersom nydyrkkingstiltaket utgjer 15 dekar eller meir av samla overflate over ein periode på fem år, vert det rekna som eit "større privat tiltak", og vert omfatta av undersøkingsplikta i [kulturminnelova § 9](#). I desse sakene vil nydyrkingsforskrifta og kulturminnelova gjelde side om side. Dette betyr at tiltakshavar må ha nødvendige løyve etter begge regelverk før tiltaket kan i settast i gang.

Sjå Klima- og miljøverndepartementet sitt rundskriv [T-2/99 om nydyrkkingstiltak](#).

Staten kan dekke utgifter til arkeologisk arbeid dersom desse vert urimeleg tyngande for tiltakshavaren, jf. [kulturminnelova § 10](#). Sjå Klima- og miljøverndepartementet sitt rundskriv som omhandlar mindre, private tiltak: [T-2/2007 om dekning av utgifter til arkeologiske arbeider](#).

Dersom ein treff på automatisk freda kulturminne, jf. [kulturminnelova § 4](#) under gjennomføringa av tiltaket, uavhengig av storleik, skal ein stanse arbeidet og sende melding til fylkeskommune/Sametinget, jf. [kulturminnelova § 8](#).



 <p>Målestokk 1 : 5000 ved A4 utskrift Utskriftsdato: 01.09.2017</p> <p>GÅRDSKART 1264-149/1 Tilknyttede grunneiendommer: 149/1</p>	<p>Markslag (AR5) 13 klasser</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>TEGNFORKLARING</th> <th>AREALTALL (DEKAR)</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>= Fulddyrka jord</td> <td>169.2</td> </tr> <tr> <td>III Overflatdekt jord</td> <td>0.0</td> </tr> <tr> <td>III Innmarksbeite</td> <td>27.4</td> </tr> <tr> <td>S Skog av særhøg bonitet</td> <td>110.8</td> </tr> <tr> <td>H Skog av høg bonitet</td> <td>121.7</td> </tr> <tr> <td>M Skog av middels bonitet</td> <td>9.4</td> </tr> <tr> <td>L Skog av lav bonitet</td> <td>0.0</td> </tr> <tr> <td>i Uprodaktiv skog</td> <td>21.2</td> </tr> <tr> <td>= Myr</td> <td>140.8</td> </tr> <tr> <td>Åpen jorddekt fastmark</td> <td>34.0</td> </tr> <tr> <td>Åpen grunnlendt fastmark</td> <td>8.1</td> </tr> <tr> <td>Bebygd, samf, vann, bre</td> <td>17.7</td> </tr> <tr> <td>Ikke klassifisert</td> <td>0.0</td> </tr> <tr> <td>Sum:</td> <td>660.3</td> </tr> <tr> <td></td> <td>660.3</td> </tr> </tbody> </table>	TEGNFORKLARING	AREALTALL (DEKAR)	= Fulddyrka jord	169.2	III Overflatdekt jord	0.0	III Innmarksbeite	27.4	S Skog av særhøg bonitet	110.8	H Skog av høg bonitet	121.7	M Skog av middels bonitet	9.4	L Skog av lav bonitet	0.0	i Uprodaktiv skog	21.2	= Myr	140.8	Åpen jorddekt fastmark	34.0	Åpen grunnlendt fastmark	8.1	Bebygd, samf, vann, bre	17.7	Ikke klassifisert	0.0	Sum:	660.3		660.3	<p>Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnsskart for gjenkjennelse. Arealstatistikk viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundningsforskjeller i arealtallene.</p> <p>Ajourføringsbehov meldes til kommunen.</p> <p>— Arealressursgrenser □ Eiendomsgrenser</p>
TEGNFORKLARING	AREALTALL (DEKAR)																																	
= Fulddyrka jord	169.2																																	
III Overflatdekt jord	0.0																																	
III Innmarksbeite	27.4																																	
S Skog av særhøg bonitet	110.8																																	
H Skog av høg bonitet	121.7																																	
M Skog av middels bonitet	9.4																																	
L Skog av lav bonitet	0.0																																	
i Uprodaktiv skog	21.2																																	
= Myr	140.8																																	
Åpen jorddekt fastmark	34.0																																	
Åpen grunnlendt fastmark	8.1																																	
Bebygd, samf, vann, bre	17.7																																	
Ikke klassifisert	0.0																																	
Sum:	660.3																																	
	660.3																																	

